

# HALVÅRSPLAN I

## KUNST OG HANDVERK 9. KLASSE

Med utgangspkt i læreplanen skal du

- Designa
  - Laga arbeidsteikning
    - Byggja

✓ EIN SPEILKONSTRUKSJON

Du skal laga a) **tre skisser** og til sist b) **ei arbeidsteikning** med c) **ein punktvis framdriftplan med materialliste** (kva gjer eg først og sist, kva treng eg?)

Alle skisser og teikningar skal inn i permen din

Så skal me drøfta kva kriterium som skal vera grunnlaget for vurdering. Når me er samde, kjem dette inn i halvårsplanen.

Punkt som vurderingskriterium etter drøfting mellom faglærer og elevar:

Undervegs vil du få fleire rettleiingar og tilbakemeldingar på arbeidet ditt. I tillegg skal du vurdere ditt eige arbeid.

Det er til sist DU som har ansvaret for å driva eige arbeid framover etter den planen du lagar.

Du vil også verta vurdert på følgjande

❖ **Kunnskap om verktøy ut frå ei verktøyliste**

- **Stell og vedlikehald av verktøy (kvessing/sliping/bryning)**
  - **Orden ikring eige arbeid, fellesareal/rydding**

**MÅLOPPNÅING - kva er låg, middels og høg måloppnåing?**

	<b>Låg</b>	<b>Middels</b>	<b>Høg</b>
Skisse- og teiknefase	Eleven har ikkje skisse/teikning meir enn det lauslege førsteutkastet	Eleven har enkle skisser og teikningar som andre kan forstå når dei vert forklarte	Eleven har fleire skisser/utkast, målsette teikningar i målestokk, gjerne i fargar. Detaljar er teikna for seg.
Tidsbruk	Eleven blir ikkje ferdig innafor tilmålt tid.	Eleven er stort sett ferdig i tide med litt hjelp og rettleiing	Eleven er ferdig i tide utan hjelp ut over vanleg rettleiing. Eleven er konsentrert om eige arbeid og driv det framover. Eleven har tid til å vurdere ulike alternative løysingar
Verktøybruk	Eleven er ukjent med og lite sjølvhjelpen med verktøy som skal nyttast. Må visast fleire gonger ut over det som er gjort felles.	Eleven er ganske sjølvhjelpen, men treng litt hjelp med verktøy. Lærer nytt verktøy å kjenna og kan bruka det etter kvart.	Eleven er svært sjølvhjelpen og nyttar verktøyet funksjonelt slik det er demonstrert. Kan hjelpa og visa andre.
Handverksdel	Eleven har liten del av det handverksmessige arbeidet og tek lite ansvar for framdrifta	Eleven er ein god del av det handverksmessige arbeidet og tek ansvar for framdrifta	Eleven har svært stor del av det handverksmessige arbeidet og tek ansvar og driv det framover.
Estetisk utforming, dekor, detaljar	Eleven har lagt lita eller inga vekt på estetisk utforming av produktet gjennom form, dekor, farge, detaljar	Eleven har lagt noko vekt på estetisk utforming av produktet gjennom form, dekor, farge, detaljar	Eleven har lagt tydeleg og personleg vekt på estetisk utforming av produktet gjennom form, dekor, farge, detaljar

## EIGENVURDERING I KUNST OG HANDVERK

- I vurdering i KUNST OG HANDVERK er det fint å få med DITT sitt syn på perioden i tillegg til det som faglærer kjenner til gjennom mange små samtalar og rettleiingssituasjonar med deg.
- Utgangspunktet er oppgåveteksten som du har arbeidd ut frå. I tillegg til sjølvve teksten har faglærer mange gonger snakka om, forklart og utdjupa oppgåva både i plenum og i høve til einskildelevar.

Eigenvurdering for: \_\_\_\_\_ klasse: \_\_\_\_\_

Periode: \_\_\_\_\_ gruppe/dag/timar: \_\_\_\_\_

Produkt (forklar kort): \_\_\_\_\_  
 \_\_\_\_\_  
 \_\_\_\_\_

Vurderingskriterium	Låg målopp- nåing 1 - 2	Middels målopp- nåing 3 - 4	Høg målopp- nåing 5 - 6
Skissefase, fleire skisser? Legg fram.			
Forståeleg arbeidsteikning?			
Har drive arbeidet framover, evne til sjølvstendig arbeid?			
Kvalitet på eige arbeid? Estetikk, dekor, form, farge?			
Kjenner namn på og kan bruka verktøyet som trengst?			
Kan skjerpa (bryna) eit verktøy ?			
Bliir ferdig, har planlagt tida i høve til produktet?			